

REFERAT FRÅ MØTE 03-21 I KVÅS KYRKJELYDSUTVAL

9. des. 2021 på Vemestad bedehus

Tilstades: Ruth Miriam Foss, Rune Hauan, Gunn T. Hestad, Torbjørn Ougland og Marit Vegge

Forfall: Gro Alvheim

Opningsord v/Torbjørn

Sak 14/21: Referat og meldingar

Innkallinga og referatet frå førre møte blei godkjende.

Melding frå kyrkjeverge Carl M. Salvesen i høve ny smittevernrettleiar:

- Me har lov til å bruke kvar benk i kyrkja, med ein meter mellom kvar kohort, òg når det er mange folk tilstades.
- Kor kan syngje, og me kan ha allsong som normalt.

Sak 15/21: Offer

Me fordelte offer til dei ulike gudstenestene utover våren:

<u>Dato</u>	<u>Organisasjon</u>
16. jan:	NMS
6. feb:	Søndagsskolen i Kvås. (familiegudsteneste)
6. mars:	Arbeidet i kyrkjelyden (Salt deltek)
20. mars:	Indremisjonen (kveldsgudstenesten)
3. april:	Misjonssambandet
17.april:	Høgtidsgudsteneste (1. påskedag)
1. mai:	Arbeidet i kyrkjelyden (kveldsgudsteneste)
17. mai:	Hilsen Kirka
5. juni:	Misjonsprosjektet (pinse, familiegudstjeneste)
19. juni:	Ungdomsforeninga i Kvås
17. juli:	Arbeidet i kyrkjelyden

Utvalet ønsker i tillegg ein ekstra gudsteneste i feb, rundt 20. februar + ein ekstra familiegudsteneste.

Sak 16/21: Menighetsutvalget 2022/23

Menighetsutvalet er berre oppnemnt for to år, og det er kyrkjelydsrådet i Lyngdal som formelt må oppnemne nytt utval. Alle medlemmane er villige til å halde fram dei neste to åra.

Sak 17/21: Medlem av diakoniutvalet

Gunn T. Hestad har sete i diakoniutvalet denne første perioden. Ho ønsker nå avløyning, og me (Gunn) vil spørje følgjande personar:
Björg Torhild Iddeland, Bente Hjemlestad og AnneHilde Foss

Sak 18/21: Ymse

- Utvalet ønsker at fleire kan delta som **kyrkjevertar** og med -kaffi. Ruth Miriam vil spørje nokre av konfirmantforeldra:
John Terje Rosfjord, Margunn/Arne Hellås, Björg Torhild Iddeland, Trine Rom, Merete Støle, Anita Hauge, Lorena Røiseland
- På grunn av den nye smittevernrettleiaren treng vi ein ekstra kyrkjevert julaftan. Marit spør Norlys/Per Grimsby eller nokre av konfirmantforeldra.
- Ruth Miriam ønsker å invitere skolen i Kvås til **julegudsteneste**, og barnehagen til **julevandring** i kyrkja. Ho tek kontakt med Gro Alvheim på Kvås skole, og Ragnhild Sjørdal i barnehagen

Neste møte i utvalet blir tysdag 1/2 – kl. 19:00 – på kyrkjesenteret

Kvås, 12/12 - 2021
Marit Vegge